



Arkivnr: 2014/24576-18

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Handlingsplan - Forvaltningsrevisjon av "Rusførebyggande arbeid"

Bakgrunn for saka:

Fylkestinget gjorde slikt vedtak i sak PS 90/2015 i møte 9.12.15:

«På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport innan "Rusførebyggande arbeid i vidaregåande skular", ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. *Utarbeide retningsliner eller rapporteringskrav for å sikre at skulane kartlegger risiko og utfordringar knytt til rus på sin skule, og følgjer kartlegginga opp som eit ledd i eit systematisk arbeid med arbeid med elevane sitt psykososiale skulemiljø, jf opplæringslova § 9a*
2. *Etablere krav om at skulane utarbeider rusførebyggjande planar, og krav til at desse planane blir følgt opp og revidert med jamne mellomrom, jf opplæringslova § 9a og retningsliner gitt i støttemateriell frå helsedirektoratet om rusførebyggande arbeid i skulen*
3. *Sikre at skulane systematiserer kva tiltak dei nyttar i det rusførebyggande arbeidet og i oppfølging av enkeltelevar*
4. *Sikre at skulane involverer helsesøster i rusførebyggande arbeid i tilstrekkeleg grad både på skulane og på systemnivå jf rettleiar til forskrift om kommunen sitt helsefremjande og førebyggjande arbeid i helsestasjon og skulehelseteneste*
5. *Å utarbeide retningsliner for samarbeid mellom dei vidaregåande skulane og relevante samarbeidspartnare i det rusførebyggande arbeidet*
6. *Sikre at elevar og føresette blir involvert i det rusførebyggande arbeidet slik det går fram av Helsedirektoratet sitt støttemateriell for rusførebyggande arbeid i skulen*
7. *Laga ein handlingsplan innan 1.2.2016 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.*
8. *Saka vert sendt ungdommens fylkesting for uttale. Ungdommens fylkesting og elevorg. i Hordaland vert inkluderte i arbeidet med handlingsplan.»*

Drøfting:

Handlingsplan dagsett 1.3.16 i tråd med punkt 7 i vedtak over er motteke og ligg ved.

Sekretariatet ser positivt på det arbeidet som er starta opp i samband med forvaltningsrevisjon av rusførebyggande arbeid i vidaregåande skular. Av handlingsplanen går det fram at forslag til nye retningsliner for rusførebyggande arbeid skal vera ferdig politisk handsama i løpet av juni 2016.

Konklusjon

På bakgrunn av at det som går fram over vert det tilrådd at kontrollutvalet ber om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 1.9.2016.

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som er starta opp i samband med forvaltningsrevisjon av rusførebyggande arbeid i vidaregåande skular.
2. På bakgrunn av at forslag til nye retningsliner for rusførebyggande arbeid skal vera ferdig politisk handsama i løpet av juni ber kontrollutvalet om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 1.9.2016.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

- 1 Forvaltningsrevisjon av rusførebyggande arbeid i vidaregåande skular